



Utan mat og drykk kan heller ikkje ein fotballspelar overleva

**Aldri før har så mange vore med  
Aldri før har dei hatt så mange supportarar med seg  
Aldri før har banen vore så god - trass i regnet  
Aldri før har dei halde timeplanen så eksakt  
Aldri før har servering og parkering fungert så fint**

**Stutt sagt: Idag har det vore ein  
fotballfest av dei sjeldne på Heio**



[Åsne Arnesen i full fart mot mål](#)

53 lag frå Kvinnherad og Odda i aldersklassane frå 2002 til 2006 stilte opp i SPAR-CUP denne gongen og ettersom alle var lova 3 kampar med 20 minuttar effektiv speletid vart festen i meir enn 9 timar.



Lag j02 frå Uskedalen

Men det gjorde slett ingenting for dette var underholdning av fyrste klasse! Engasjementet var stort ute på banen og mindre var det ikkje på sidelinjene. Arrangøren sjølv stilte med 2 jentelag og 4 gutelag og hvis ein reknar eit snitt på 7 spelarar kjem ein opp i meir enn 40 fotballrekruttar berre frå Uskedalen. Og totaltalet nærma seg 400!



Lag g03 frå Uskedalen

Alle fekk boltra seg på ei tett og fin grasmatte trass i det kraftige regnet og all frykt for flytting av cupen viste seg ugrunna. Her er det berre å slå fast at banemeister Steinar Haugland har gjort ein kjempejobb og at banen befesta sin posisjon som arena nummer ein i bygda.



Lag j04/05 frå Uskedalen

Ellers i rosbunken er det grunn til å berømme dei som lirka dei mange bilane på plass slik at ein unngjekk kaos og eit serveringspersonale som fungerte perfekt. Her var det knapt ein detalj som fortnte anna enn godord og idrettslaget befesta vårt stadig betre omdømme som arrangementsbygd.

Når vergudane også heldt seg nokonlunde i sjakk måtte det bli ein perfekt fotballfest.



Lag g02 fra Uskedalen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Lag g04/05 2 fra Uskedalen



Lag g0405 1 frå Uskedalen